



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg

Møtedato: 15.09.2009

Møtetid: 15:00 – 18.00

Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Kristian Jørgensen	Sven Tore Kulleseid

Andre som var til stades på møtet:

Rektor Solvor Aadland under presentasjon om eksterne vurdering på SUS.
Ped.kons Karin Steinsland fram til sak 20/09.
Ass.rådmann Våge heile møtet.

Merknader: Ingen

Orienteringar/meldingar:	Ingen
Spørsmål/interpellasjonar:	Ingen
Dokument utlevert i møtet:	Ingen

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 24.09.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
019/09	09/483	Faste saker	
020/09	09/262	Skulegang i annan kommune	
021/09	09/351	Tiskot til musikklag	
022/09	09/407	TV-aksjonen 2009	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret)• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter

Saknr. 019/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

15.09.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Fredskorpsprosjektet – Eva Hellevang, Marit Aase, Brigte Olav Gåsdal og Ped.konsulent utarbeidar eit drøftingsnotat på det vidare samarbeidet til OO.

Busetjing av flyktningar – ordførar og Eva Hellevang vurderar om det skal lagast notat til kommunestyret om oppfølging av vedtaket.

Utvalet sitt kvarter - Ingen spørsmål/orienteringar

OO-019/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.
 - Fredskorpsprosjektet – Eva Hellevang, Marit Aase, Brigte Olav Gåsdal og Ped.konsulent utarbeidar eit drøftingsnotat på det vidare samarbeidet til OO.
 - Busetjing av flyktningar – ordførar og Eva Hellevang vurderar om det skal lagast notat til kommunestyret om oppfølging av vedtaket.

Saknr. 020/09
SKULEGANG I ANNAN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Viljar Alsaker-Kolle, f.02.08.2008, får ta si grunnskuleopplæring i Fusa kommune. Med utgangspunkt i ønskje frå dei føresette, Åsmund Kolle og Synnøva Alsaker, får han gå på den geografiske nærskulen sin saman med brødrene sine. Busette på Sævild i Samnanger har Nore Fusa oppvekstsenter som sin næraste skule. Jfr Opplæringslova § 1-2 *Formålet med opplæringa*: Grunnskolen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med oppsedinga, utviklinga og opplæringa til borna.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Fusa kommune for Viljar Alsaker-Kolle, gjeldande frå skulestart i 2014.

15.09.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-020/09 Vedtak:

Viljar Alsaker-Kolle, f.02.08.2008, får ta si grunnskuleopplæring i Fusa kommune. Med utgangspunkt i ønskje frå dei føresette, Åsmund Kolle og Synnøva Alsaker, får han gå på den geografiske nærskulen sin saman med brødrene sine. Busette på Sævild i Samnanger har Nore Fusa oppvekstsenter som sin næraste skule. Jfr Opplæringslova § 1-2 *Formålet med opplæringa*: Grunnskolen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med oppsedinga, utviklinga og opplæringa til borna.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Fusa kommune for Viljar Alsaker-Kolle, gjeldande frå skulestart i 2014.

Saknr. 021/09

TILSKOT TIL MUSIKKLAG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ettergjev Samnanger skulemusikklag si gjeld på kr 29 000 til musikkskulen. Summen vert løyvd frå post 1.1200.1800.4900: Tilleggsøyvingar og ført på post 1.15002.3830.6204 Ymse sal avgiftsfritt.

.....

15.09.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Inge Aasgaard sette fram følgjende fellesframlegg: ”På grunn av den økonomiske vanskelege situasjonen Samnanger skulemusikklag har kome i, får dei eit ekstra tilskot på kr. 29.000,-. Pengane vert løyvd frå post 1.1200.1800.4900: Tilleggsøyvingar og ført på post 1.15002.3830.6204 Ymse sal avgiftsfritt. Det vert forventa at Samnanger skulemusikklag vidare tilpassar drifta etter økonomien.”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

OO-021/09 Vedtak:

På grunn av den økonomiske vanskelege situasjonen Samnanger skulemusikklag har kome i, får dei eit ekstra tilskot på kr. 29.000,-. Pengane vert løyvd frå post 1.1200.1800.4900: Tilleggsøyvingar og ført på post 1.15002.3830.6204 Ymse sal avgiftsfritt. Det vert forventa at Samnanger skulemusikklag vidare tilpassar drifta etter økonomien.

Saknr. 022/09

TV-AKSJONEN 2009

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

15.09.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Eva Hellevang leiar Tv-aksjonen 2009, den 18 oktober. Liv Berit Befring er nestleiar. Dei organiserer og syter for at aksjonen vert gjennomført på ein god måte.

OO-022/09 Vedtak:

Eva Hellevang leiar Tv-aksjonen 2009, den 18 oktober. Liv Berit Befring er nestleiar. Dei organiserer og syter for at aksjonen vert gjennomført på ein god måte.

